



## Notat

Dato: 12.06.2017  
Arkivsak: 2014/22289-19  
Saksbehandlar: Iarbirik

---

**Til:** Snorre Waage

---

**Frå:** Lars Øyvind Birkenes

---

### **Varsel om utviding av planområde for reguleringsplan for bru over Masfjorden - Innspel frå Fylkeskonservatoren**

Viser til brev av 08.06.2017 med varsel om utviding av planområdet på Duesundøy i samband med reguleringsplan for bru over Masfjorden.

Duesundøy har vore arkeologisk vurdert og undersøkt i fleire omgangar tidlegare. Første gang då vegtraséen i samband med kabelferja vart utgreidd ved registrering av fylkeskommunen i 1995 og påfølgjande arkeologisk utgraving i 1996 i regi av Bergen Museum. Vidare vart resten av Duesundøy arkeologisk registrert av Hordaland fylkeskommune i 2005 i samband med reguleringsplan for hus- og hyttefelt. Ingen funn av automatisk freda kulturminne vart gjort.

Fylkeskonservatoren har difor ingen merknader til den planlagde utvidinga av planområdet på Duesundøy på noverande stadium av planprosessen.